



Seljord 30.6.2017

Til foreldre og føresette med elevar i SFO-ordninga.

Våren 2017 fatta kommunestyret vedtak om endringar av SFO-tilbodet. Desse endringane har vi no innarbeidd i vedtektene.

Betaling. Brukar av SFO-tilbodet betalar no for 10 månadar (grunntilbod). Elevane har då eit SFO-tilbod som fylgjer *skuleåret* slik det går fram av skuleruta. Dei som har behov for ekstra tilbod i feriane må betale for dette. Det er framleis bindande påmelding for ferie og skulefrie dagar.

Prisen for eit dagtilbod i feriane frå haustferien 2017 er 200 kr dagen. I sommarferien vil maksimal brukarbetaling aldri overstige 2600 kr som er månadssats for full, ordinær plass. Det er 50% syskenmoderasjon for bruk av SFO-tilbod, dette gjeld også kjøp av timar og kjøp av dagar. Frå hausten 2017 aukar prisane for SFO noko, dette blei bestemt i kommunestyret sitt budsjettvedtak frå desember 2016.

Ordninga med betaling for 10 månadar inneber at brukarane av SFO ved Seljord barneskule vil få ein korrigert faktura i august (med forfall september). Den vil sjå slik ut:

1. Betaling frå og med 21.8 (når skulen startar 2017/18).
2. Med tillegg for betaling av timar/dagar 1.8-20.8.17 (for dei som har brukt SFO).
3. Så får ein trekt frå betaling for siste halvdel av juni.
4. Med tillegg for betaling av timar/dagar siste del av juni (for dei som har brukt SFO).

Tilbod om SFO i skulane sine feriar. Skulefritidsordninga er open alle dagar mellom kl. 07.30 og 16.30, når det ikkje er skule for elevane på 1. til 4. årstrinn. Grunntilbodet dekker 10 månader og er stengt i juli og 3 planleggingsdagar for SFO (ope i haust-, vinter-, jule og påskeferien, samt ut juni og frå 1. august mot ekstra betaling). For at tilbodet skal ha ope på skulefrie dagar eller i ferie, kan tilbodet bli organisert ved bare ein av skulane.

Tilbod om SFO torsdagar ved Flatdal skule. Det er *ikkje* tilbod om SFO torsdagar ved Flatdal skule frå skulestart 2017, men ein jobbar for at dette tilbodet skal vere klart til bruk i løpet av hausten 2017. Det blir sendt ut ny informasjon når bemanning og organisering er klart.

Meir informasjon om SFO, vedtekter og prisar finn du på kommunen sine heimesider <http://www.seljord.kommune.no/tjenester/skule-og-utdanning/sfo>

Ta kontakt dersom du har spørsmål:

Kommunalsjef skule og oppvekst, Ronde Ingeberg Schade. Tlf.35065105, ronde.schade@seljord.kommune.no
Pedagogisk konsulent Seljord kommune, Tone Bøhn, Tlf. 35065122, tone.bohn@seljord.kommune.no

Ronde Ingeberg Schade, kommunalsjef skule og oppvekst.